



**Ungdomslaget er i gang i eitt nytt diskotek-år etter å ha hatt suksess i fjor med proffe DJ-ar samt skikkeleg lys og lyd-anlegg. Det har Rosendal Lys & Lyd teke seg av. Og laget har noko nytt å lokka med også i 2009: I februar blir det diskotek også for 8. og 9. klasse.**

Laurdag 14. februar kjem disko-debuten også for desse klassane.

Blir det vellukka med stor oppslutnad, vil eksperimentet bli gjenteke seinare på vinteren, fekk uskedalen.no veta under diskoteket fredag kveld.

Då var det rundt 30 som boltra seg i salen frå klassane frå femte til sjuande. Det hadde vore like mange i gruppa frå første til fjerde klasse tidlegare på kvelden, altså tilsaman 60. Det er ingen dårleg start på 2009.

Dei fire 'disco-jentene' på biletet er (frå venstre) Hazel Raudstein, Marit Inga Traavik Sture, Karoline Amundsen og Tonje Gravidahl. (Foto: Ola Matti Mathisen)